



Ny kommune i Indre Sunnfjord

Administrativ styringsgruppe

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Malin Soheim Moldestad
Tlf.

Vår referanse:
17/6-10-MSM-
FE - 035

Dato:
07.11.2017

Administrativ styringsgruppe, referat frå møte 03.11.2017

Tidspunkt: Fredag 03.11.17 kl. 12.00 -15.00
Stad: Møterom Haukedalen - Førde rådhus

Til stades: Elin Enebakk, Torill Anita Segtnan, Ellen Jensen (frå kl. 12.30), Øyvind Bang-Olsen, Atle Fasteland, Solveig Bringeland, Marit Solheim, Øystein Høyvik, Ole John Østenstad Stian Jakobsen og Øyvind Bang-Olsen (til kl. 14.00)

Ikkje til stades: Atle Fasteland

Andre til stades: Jan Birger Moe (kl. 12.00-12.30), Jetvard Kalland, Liv Janne Bell Jonstad, Carl-Richard Nyborg- Christensen, Frode Kyrkjebø, Håkon Loftheim og Åge Klausen (kl. 12.30-14.00),

Utsendt dagsorden:

Tidspunkt	Kva
12.00 – 12.30	<ul style="list-style-type: none">• Ordningar for frikjøp og kompensasjon v/ Jan Birger Moe
12.30 - 13.45	<ul style="list-style-type: none">• Digitalisering – jf. e-post datert 05.10.17<ul style="list-style-type: none">○ Programplan v/ Ole John Østenstad (5 min)○ Kartlegging/status v/ Carl-Richard Nyborg-Christensen (10 min)○ Strategi SYS-IKT v/ Håkon Loftheim og Åge Klausen (10 min)○ KS sin digitaliseringsstrategi v/ Frode Kyrkjebø (15 min)○ Drøfting: Målsetting for ny kommune (25 min)○ Bruk av infrastrukturmidlar kr 5 mill (5 min)○ Digitalisering som tema for fellesnemnda i november? (5 min)○ Ev.
13.45 – 14.15	<ul style="list-style-type: none">• Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 05.10.17 og 20.10.17• Referatsak<ul style="list-style-type: none">○ Prosjektrapport for perioden 01.07.16 – 30.06.17○ Prosjektrekneskap 01.01.17 – 30.06.17• Fast post<ul style="list-style-type: none">○ Kort gjensidig orientering○ Informasjon arbeidet i kommunalsjefsnettverka v/ rådmennene○ Informasjon som bør/skal sendast til medlemmane av Fellesnemnda?• Kompetansehevingsmidlar helse/omsorg
14.15 – 14.30	<ul style="list-style-type: none">• Oppfølging av programplanen – organisering av det enkelte prosjekt v/ Øystein Høyvik

14.30 – 15.00	<ul style="list-style-type: none"> • Fellesnemnda sitt møte 15.11.17 – status saker • Møteplan Fellesnemnda 2018 • Møteplan administrativ styringsgruppe – behov for endringar? • Ev.
---------------	---

Ordningar for frikjøp og kompensasjon v/Jan Birger Moe

- Gjennomgang av arbeidsgruppa sitt arbeid
- Punkt 1 «Godtgjersle og kompensasjon for folkevalde» fekk følgjande tilbakemeldingar:
 - Meir utfyllande informasjon er naudsynt
 - Politiske arbeidsgrupper må inkluderast
 - Ordning for tapt arbeidsforteneste må inkluderast
 - Grad av kompensasjon for leiaren for Fellesnemnda må drøftast
- Under punkt 2 om tilsette, må grad av kompensasjon for fungerande prosjektleiar/rådmann drøftast
- Under «fellesbestemelsar» punkt 1 bør deltidstilsette inkluderast
- Drøfting av punkt om frikjøp av tillitsvalte og verneombod, forslag om evaluering undervegs
 - Ole John vil leggje fram eit forslag om evaluering av frikjøp av tillitsvalte og verneombod til PSU og fellesnemnda

Digitalisering – jf. e-post datert 05.10.17

- Kartlegging/status v/Carl-Richard Nyborg-Christensen
 - Arbeidet har tatt utgangspunkt i KS sin rapport og sjekklister
 - Oversikt over digitale tenester og IKT-system i kommunane, forbettringspotensiale og felles mål for digital samanslåing
- Strategi SYS-IKT v/Håkon Loftheim og Åge Klausen
 - Oversikt over IKT organisering i SYS kommunane
 - Presentasjon av arbeidet med ny IKT-strategi for kommunane i SYS
- KS sin digitaliseringsstrategi v/Frode Kyrkjebø
 - Presentasjon av KS sin digitaliseringsstrategi 2017-2020.
 - Arbeidsgruppene må kjenne til digitaliseringsstrategi på deira fagområde
 - Informasjon om FIKS-plattform for kompetanse og rettleiing
 - Lokale initiativ for Sogn og Fjordane for samarbeid mellom anna IT-forum og digitaliseringsnettverk, konstitueringsmøte i november/desember 2017
 - Ole John Østenstad ønskjer tilbakemelding om Bergen kommune sitt mandat til å drive digitaliseringsarbeid for andre kommunesamanslåingar, Frode Kyrkjebø skal følge opp dette.
- Drøfting: Målsetting for ny kommune
 - Det er viktig at det er like løysingar og tilbod i den nye kommunen, i samsvar med intensjonsavtalen
 - IKT-koordinatorane må arbeide vidare med dette, samt drøfte organisering og KS sin digitaliseringsstrategi
 - Vi må konkretisere kva målsetnader vi har og kva ressursar som trengs
 - Infrastruktur må vere ein del av strategien
 - Ole John Østenstad påpeikar at optimal bruk av IT-system er ei utfordring, og at det kan vere nyttig med opplæring
 - Ole John Østenstad og Øystein Høyvik skal diskutere bestilling til nettverka, Øystein skal møte nettverka som sjølve skal lage eit utkast til mandat
- Bruk av infrastrukturmidlar kr 5 mill.
 - Ole John Østenstad vidareformidlar Lise Mari Haugen sine råd om bruk av infrastrukturmidlar

- Tre aktuelle prosjekt blir drøfta: 1. Prosjektleiing knytt til digitalisering, 2. Videokonferanse og 3. Utbygging av mobilnettverk framfor breiband.
- Ole John Østenstad vil lage ei sak til fellesnemnda som følgjer opp Lise Mari Haugen sine råd om prosjekt to og tre.
- Digitalisering som tema for fellesnemnda i november?
 - Ole John Østenstad anbefaler digitalisering som tema for møtet i desember og at KS og SYS-IKT blir invitert
- Eventuelt
 - Ingen merknadar

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 05.10.17 og 20.10.17

- Gjennomgått og godkjent

Referatsak

- Prosjektrapport for perioden 01.07.16 – 30.06.17
 - Gjennomgått
- Prosjektrekneskap 01.01.17 – 30.06.17
 - Gjennomgått

Fast post

- Kort gjensidig orientering
 - Elin Enebakk har vore på samling for hovudtillitsvalte, der vart det sagt at tillitsvalte har oppmøterett og talerett i fellesnemnda – det må vurderast
- Informasjon om arbeidet i kommunalsjefsnettverka v/rådmennene
 - Ikkje noko spesielt
- Informasjon som bør/skal sendast til medlemmane av Fellesnemnda?
 - Ole John Østenstad har snakka med Bjørn-Harald Haugsvær om å utvide den politiske arbeidsgruppa om heraldikk til kommuneidentitet
 - Ole John Østenstad, Olve Grotle og Øystein Høyvik skal møte med Åsmund Berthelsen og Reidun Støfring og drøfte vidare arbeid med politisk organisering i den politiske arbeidsgruppa, mulegens etter møtet i fellesnemnda 15.11.2017
 - Forslag om ein workshop for medlemmane i fellesnemnda om politisk organisering
 - Det er avklart at fellesnemnda skal komme med uttale til kommunane sine budsjett i ettertid av handsaming, og sende uttala til fylkesmannen

Kompetansehevingsmidlar helse/omsorg

- Kvar kommune har sendt ein koordinert søknad

Oppfølging av programplanen – organisering av det enkelte prosjekt v/ Øystein Høyvik

- Øystein Høyvik skal arbeide vidare med organisasjonskartet
- Øystein Høyvik skal møte med alle kommunalsjefsnettverka
- Øystein Høyvik informerer om status i prosjektsekretariatet
 - Anette Sollid tek over drift av nettstaden «Prosjekt Sunnfjord»
- Vi treng ein ny nettstad
 - Dette vert eit tema i neste møte som ein del av kommunikasjonsplanen

Fellesnemnda sitt møte 15.11.17 – status saker

- Ønskje frå politikarane om å ha eit gruppeleiar møte før møtet i fellesnemnda
- Møtet er flytta til Førde, møterom Sunnfjord
- Digitalisering som tema vert utsett til møtet i desember

- PSU vert invitert til handsaming av sak om frikjøp og kompensasjonsordningar
- Sak om møteplan 2018, nytt val av medlem i politisk prosjektgruppe om heraldikk, utvide prosjektgruppe om heraldikk til kommuneidentitet og bruk av infrastrukturmidlar
- Møtet skal streamast

Møteplan Fellesnemnda 2018

- Møteplanen vart godkjent

Møteplan administrativ styringsgruppe – behov for endringar?

- Ingen merknader

Eventuelt

- Vurdere om kyrkjeleg fellesnemnd skal møte fellesnemnda i desembermøtet
- Budsjett og kommunikasjonsplan vert tema i neste møte
- Lokaldemokratikonferansen
- Prosjektplan adressering
- Innspel til nyhendebrev

Med helsing

Malin Soheim Moldestad

Dette brevet er elektronisk godkjent av fellesnemnda om det ikkje er signert.

Kopi til:

KRYSS Revisjonen v/Terje
Førde
SEKOM v/Arnar Helgheim